



Roger Soltveit  
Torvvegen 39 A  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 17/692 - 17/6788

Saksbehandlar:  
Marianne Aadland Sandvik  
marianne.aadland.sandvik@meland.kommune.  
no

Dato:  
04.04.2017

## Avvising - GBNR 24/110 - Klage på vass- og avlaupsgebyr - Torvvegen

### Administrativt vedtak. Saknr: 95/2017

Administrasjonen viser til klage på vass- og avlaupsgebyr for Torvvegen 39, journalført motteke 20.3.2017 og 4.4.2017.

#### Bakgrunn:

I klage journalført 20.3.2017 klaga du på ilagt vass- og avlaupsgebyr for eigedomen din, samt for innkravd tilknytingsavgift for vass og avlaup.

I brev datert 27.3.2017 svarte vi på klaga og gjorde reie for kvifor kommunen har heimel til å krevje tilknytning og krevje vass- og avlaupsgebyr for tre bueiningar på eigedomen. Vi ba om ei tilbakemelding på om du ønskjer å oppretthalde klaga.

I klage datert 31.3.2017, journalført 4.4.2017, viser du til at etter at kommunen si berekning vart gjort kjent er det klart at kommunen har anledning til å krevje tre tilknytingsgebyr og tre abonnementsgebyr for eigedommen. Du ber likevel kommunen om å vurdere om grunnlaget for stipulert forbruk i Meland kommune sitt gebyrregulativ er i samsvar med forureiningsforskrifta kapittel 16.

#### **VURDERING:**

Det følgjer av forvaltningslova (fvl) § 33 andre ledd siste setning at «*[d]ersom vilkårene for å behandle klagen ikke foreligger, skal underinstansen avvise saken, jfr. Dog § 31.*»

Det følgjer av fvl § 28 første ledd at «*[e]nkeltvedtak kan påklages.*»

Eit enkeltvedtak er eit «*vedtak som gjelder rettigheter eller plikter til en eller flere bestemte personer*», jf. fvl § 2 første ledd bokstav b).

Gebyrregulativ vatn og avlaup for Meland kommune vart vedteke i Meland kommunestyre den 14.12.2016, sak 116/16, med verknad frå 1.1.2017. Den gjeld for alle bygg i kommunen som er tilknytt vatn og avlaup, og er dermed ikkje eit «enkeltvedtak» etter fvl § 28 første ledd, jf. § 2 første ledd bokstav b).

Gebyrregulativet er eit «vedtak som gjelder rettigheter eller plikter til et ubestemt antall eller en ubestemt krets av personer,» og er etter dette ei forskrift, jf. fvl § 2 første ledd bokstav c).

Ettersom gebyrregulativet er ei forskrift, og ikkje eit enkeltvedtak, kan vedtak datert 14.12.2016, sak 116/16, ikkje klagast på, jf. fvl § 28 første ledd. Vilråra for å handsame klaga ligg difor ikkje føre, jf. fvl § 33 andre ledd siste setning, og kommunen må avvise saka.

Administrasjonen vel likevel å kommentere følgjande punkt i klaga di:

Du viser til at kommunen sitt regulativ ikkje er tilgjengeleg på kommunen sine nettsider. Gebyrregulativ vatn og avlaup ligg på kommunen sine nettsider under informasjon om kommunale avgifter og gebyr – teknisk sektor.

Vidare viser du til at årsgebyret skal tilsvara reelt forbruk. Årsgebyr for vatn og avlaup er delt inn i abonnementsgebyr og forbruksgebyr. Alle abonnentar betaler like abonnementsgebyr. Når det gjeld forbruksgebyret kan abonnenten velje mellom målt forbruk (faktisk vassforbruk målt med vassmålar) eller stipulert forbruk (gjennomsnitt). I Meland kommune er det bestemt at stipulert forbruk og pris per m<sup>3</sup> skal reknast slik:

Bruksareal BRA (m<sup>2</sup>) \* spesifikt forbruk (m<sup>3</sup>/m<sup>2</sup>) der  
-BRA per abonnement vert sett til 150 m<sup>2</sup> for alle bygg i kategori 2 (bustadar/hytter).  
-spesifikt forbruk vert sett til 1,0 m<sup>3</sup>/m<sup>2</sup>.

Om du ønskjer å betale gebyr etter målt forbruk, kan vassmålar leigast av kommunen. Vi minner om at abonnenten må betale alle kostnader knytt til installering og vedlikehald av målararen.

#### **VEDTAK:**

*«Meland kommune avviser klage på gebyr for vatn og avlaup, journalført motteke 4.4.2017, jf. forvaltningslova § 33 andre ledd siste setning.»*

\*\*\*\*\*

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr. 4 og gjeldande delegasjonsreglement. Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentlig forvaltning. Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Marianne Aadland Sandvik  
Juridisk rådgjevar byggjesak

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Mottakere:**

Roger Soltveit

Torvvegen 39 A 5918

FREKHAUG